Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 08.06.2023
Vår ref: 2009/6816
Dykkar dato:
Dykkar ref:

RETURA SØRE SUNNMØRE AS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Retura Søre Sunnmøre AS - Inspeksjonsrapport 2023.013.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 2. mai ved Retura Søre Sunnmøre AS. Sluttmøte ble heldt digitalt 7. juni 2023. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:	Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:
Øyvind Amdam	Gunnhild Liva Austvoll
Lone Arnesen	Guro Gjenstad
Jon Magne Aasen	
Åsmund Karoliussen	

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal avdekka 4 avvik og gir ingen merknadar etter inspeksjonen.

Avvika gjeld:

1. Farleg avfall var lagra i strid med løyvet
2. Risikovurderinga manglar sannsynsvurdering og er mangelfull når det kjem til farleg avfall
3. Verksemda kvernar avfall utan løyve
4. Delar av området blei brukt til open lagring av avfall, og delar var prega av forsøpling

Avvika er nærare skildra i punkt 3 i rapporten.

Retura Søre Sunnmøre AS må før 15.10.2023 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar - forureining

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ØRSTA KOMMUNE	**Dalevegen 6**	**6153**	**ØRSTA**

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Retura Søre Sunnmøre AS	Anleggsnummer: 1520.0029.02
Bedriftsnr. for undereininga: 987578602	Eigd av (organisasjonsnr.): 987609184
Kommune: Ørsta	Kontrollnummer: 2023.013.I.SFMR
Løyve gitt: For farleg avfall: 14.09.2015, sist endra 02.04.2019 For næringsavfall: 01.12.2010, sist endra 11.02.2016	

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova og gjeldande løyve vert følgt. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sin planlagde tilsynsaktivitet for 2023.

Tema for inspeksjonen var:

- Internkontroll knytt til ytre miljø med risikovurdering og rutinar
- Handtering og lagring av farleg avfall
- Handtering og lagring av næringsavfall

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Farleg avfall var lagra i strid med løyvet.

Avvik frå:
Løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall pkt. 3.5.

Kommentarar:
I løyvet er det vilkår om at lagring av farleg avfall skal skje på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Avfallet skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.

På tilsynsdagen var det lagra avfall som var merka med eit anna innhald enn det som var rett, og ulike typar flytande avfall var lagra utan oppsamlingsarrangement under. Ein eventuell lekkasje ville føre til avrenning til sluk, og avfallet ville gå vidare som utslepp til sjø.

Avvik 2
Risikovurderinga manglar sannsynsvurdering og er mangelfull når det kjem til farleg avfall.

Avvik frå:
Løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall pkt. 2.1, 3.5 og 9.1.
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nummer 6.

Kommentarar:
Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse. Risiko er eit produkt av sannsyn og konsekvens.

Retura Søre Sunnmøre AS har utarbeida ei risikovurdering, men denne manglar sannsynsvurdering.

Enkelte av tiltaka som er sett opp som risikoreduserande, er i strid med løyvet. Eit eksempel på dette er lekkasje/utslepp frå lager farleg avfall, der risikoreduserande tiltak er at alle sluk er tilkopla oljeutskiljer. Krava i punkt 2.1 i løyvet er blant anna at handtering av avfall ikkje skal føre til forureinande utslepp til vatn ved søl, lekkasjar og andre liknande utslepp.

Det er ikkje gjort ei vurdering av farleg avfall som vert motteke utan deklarasjon og heller ikkje av kva for typar farleg avfall som kan lagrast saman. Verksemdene Retura Søre Sunnmøre AS og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS deler lagerlokale. Begge verksemdene må ha ei oversikt over kva typar farleg avfall som kan lagrast i nærleiken av kvarandre i høve brann eller lekkasjar.

Avvik 3
Verksemda kvernar avfall utan løyve.

Avvik frå:
Løyve til mottak og omlasting av næringsavfall pkt. 1.

Kommentarar:
Vi fekk under tilsynet informasjon om at verksemda kvernar avfall, og dette går også fram av ettersendte dokument. Det er ikkje gitt løyve til denne aktiviteten. Verksemda har løyve til mottak, sortering, mellomlagring og omlasting av avfall, men ikkje til kverning eller andre former for behandling av avfall.

Avvik 4
Delar av området blei brukt til open lagring av avfall, og delar var prega av forsøpling.

Avvik frå:
Løyve til mottak og omlasting av næringsavfall pkt. 1.3 og 5.2.

Kommentarar:
Løyvet har som vilkår at all lagring, sortering og omlasting av avfall skal skje innandørs. Anlegget og områda omkring skal alltid vere i orden og fri for forsøpling.

På tilsynsdagen stod det overfylte konteinarar med plast ute, og det var avfall som låg utanfor konteinarane. I tillegg låg det avfall i ytterkanten av området og langs gjerdet. Vi fekk opplyst at ikkje alt var rydda etter vinteren. Området skal haldast fritt for avfall, og de må sørge for å hindre at avfall kan blåse av frå konteinarar.

4. Merknadar

Merknad blir definert som eit tilhøve som tilsynsetaten meiner er nødvendig å påpeike for å ta i vare det ytre miljøet, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Det blei ikkje gitt merknadar under inspeksjonen.

5. Andre tilhøve

Andre tilhøve omfattar saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og saksbehandlarar å kjenne til. Her kan det også vere kommentarar til tema som blei tatt opp under inspeksjonen, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

Andre tilhøve ved Retura Søre Sunnmøre AS som Statsforvaltaren vil omtale:
De treng ikkje å registrere/journalføre avfall i dei tilfella der de berre er transportør, det vil seie når de hentar avfall hos avfallsprodusenten og køyrer det direkte til eit anna mottak enn dykkar eige.

6. Oppfølging etter inspeksjonen

Retura Søre Sunnmøre AS har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må Retura Søre Sunnmøre AS før 15.10.2023 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til sfmrpost@statsforvaltaren.no eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2009/6816.

7. Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varsla under tilsynet at Retura Søre Sunnmøre AS vil bli pålagt eit gebyr på kr 7 500 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 5. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Moglegheit for klage
De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren.

8. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på norskeutslipp.no.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Løyve etter forureiningslova til mottak og mellomlagring av farleg avfall for Retura Søre Sunnmøre AS i Ørsta kommune. Gitt av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 14.09.2015, sist endra 02.04.2019.
- Løyve til sortering og omlasting av næringsavfall for Retura Søre Sunnmøre i Ørsta kommune. Gitt av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 01.12.2010, sist endra 11.02.2016.

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrer/informasjonsark som blei delt ut under inspeksjonen:
«Gebyr ved kontroll – informasjon frå Statsforvaltaren»

11. Bilde

Bilda under illustrerer to av avvika.

Avvik 1: Farleg avfall var lagra i strid med løyvet.

Bilda syner mottatt avfall som ikkje er deklarert og som står utan oppsamling.

Avvik 4: Delar av området blei brukt til open lagring av avfall, og delar var prega av forsøpling.